

## 1 **Skulen skal ikkje vere ein arena for negativ sosial kontroll**

2 Dei siste åra har integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) tilsett fleire  
3 minoritetsrådgivarar på ungdomsskular og vidaregåande skular der det er utfordringar knytt  
4 til sosial kontroll blant minoritetsungdom. Mykje av minoritetsrådgivarane sine oppgåver  
5 går ut på å jobbe med elevar som opplev sosial kontroll og bidra til utvikling på feltet, i  
6 tillegg til å førebyggje og informere lærarar, elevar og eksterne samarbeidspartnarane om  
7 problemstillinga. Erfaringar syner at skular med minoritetsrådgivar generelt er betre rusta til  
8 å fange opp elevar som opplev sosial kontroll.

9

10 Særleg minoritetsjenter er utsett for sosial kontroll. Ein rapport frå 2019 syner at heile 63%  
11 av sakene gjeld jenter. Ein anna rapport frå same år syner at det særleg er muslimske jenter  
12 som nyttar hijab rapporterer om sosial kontroll samanlikna med jenter som ikkje nyttar  
13 hijab. Det er dermed ein tydeleg samanheng mellom hijabbruk på ungar, og grad av  
14 avgrensingar for utfalding som foreldra set for jentene. Fleire organisasjonar som arbeider  
15 for å fremje innvandrarar sin deltaking, tillit og tilhøyrslø i det norske samfunnet, til dømes  
16 LIM, meiner det bør setjast ei aldersgrense for bruk av hijab, slik at ein skjermar ungar for  
17 unaudsynte mange bekymringar.

18

19 Religionsfridom står sterkt i Noreg og det å avgrense bruken av hijab kan på mange  
20 måtar oppfattast i å utfordre dette. Når vi likevel ser at bruken av barnehijab er så tett  
21 knytt opp mot utfordringar rundt sosial kontroll, så er det grunn til at tru at plagget i  
22 fleire tilfelle avgrensar framfor å fremje ungar og unge sin religionsfridom.

23 Eit forbod mot hijab på barneskulen er difor viktig slik at barn slepp å bekymre seg over om  
24 dei bør gå i hijab eller ikkje og kva konsekvensar det eventuelt vil få.

### 25 **DISSENS: Dordi Boksasp Lerum, stryk frå linje 11 til og med linje 25**

26

27 Ungdomstida opplevast for mange som ei tid med auka fridom, men for mange er  
28 det også som ei tid med auka sosial kontroll. Skulen skal ikkje vere ein arena der  
29 ungdomar opplev sosial kontroll, men heller ein stad der vi kan førebygge det. Difor er det  
30 viktig å gi ungdomar eit tilgjengeleg lågterskeltilbod på skulane, der dei møter profesjonar  
31 med rett kompetanse for å motverke sosial kontroll, men også problemstillingar som

32 kjønnslemlesting, æresrelatert vald og tvangsekteskap. Spesielt viktig er det å sørge for  
33 openheit hos tro og livssynbaserte skulane. Desse skulane er ekstra utsett for sosial kontroll  
34 og kan føre til økt segrering frå majoritetsamfunnet fleire stader.

35

36 Senterungdommen vil:

37 • utarbeide retningsliner for korleis skulane skal jobbe systematisk mot sosial  
38 kontroll.

39 • tilsetje minoritetsrådgivarar på skular som rapporterer om langvarige problem  
40 rundt sosial kontroll og/eller har høg innvandrantettleik.

41 • at dei ungdomsskulane og vidaregående skulane der det ikkje er tilsett ein  
42 minoritetsrådgivar skal ha ein lærar, miljøterapeut eller anna rådgivar som har eit særleg  
43 ansvar for å formidle konsekvensane rundt sosial kontroll og følgje opp elevar som opplev  
44 sosial kontroll i skulen. Desse skal få tilbod om kurs og/eller vidareutdanning som er  
45 relevant opp mot sosial kontroll.

46 • hijab på barn i barneskulen ikkje skal vere tillate.

47 **DISSENS: Dordi Boksasp Lerum: Stryk punkt på linje 47**

48 \* At det skal bli gjort tilsyn med og krevje openheit rundt opplegga i trosamfunns-skoler skal  
49 vere en del av føresetnad for å få statsstøtte.

50

51 Innsendt av Møre og Romsdal Senterungdom